



Fylkesmannen i Innlandet

Att:

Vår ref.  
19/9335

Dato:  
25.04.2019

## Innspel til melding om oppstart, revisjon av forvaltningsplan for rovvilt region 3

Ein viser til høyringsbrev frå Rovviltnemnda datert 25.3.2019.

Rovviltnemnda skriv i høyringsnotatet at kommunar og organisasjonar kan kommentere korleis dei meiner soneringa i noverande plan har fungert. Vidare blir det særleg bede om innspel til temaområde som ikkje er godt nok omtala i gjeldande plan, og om det er nye tiltak og prioriteringar som må lyftast meir fram i ein revidert forvaltningsplan. Frist for innspel er sett til 25.4.2019.

### Kommentarar til korleis soneringa i noverande plan har fungert når det gjeld jerv

Ein viser til møte i Rovviltnemnda i juni 2018 som var lagt til Rondablikk på Kvamsfjellet. Som ein del av møtet var representantar frå beitenæringa i Fronskommunane og representantar frå Nord-Fron og Sør-Fron kommunar invitert for å diskutere forvaltninga av jerv jf. gjeldande sonering. Det blei i samband med møte halde synfaring.

Gjeldande sonering gjer at beiteområda på austsida i Fronskommunane ligg både innafør og utanfor jervsona. Dette medfører at den enkelte beitebrukaren har beitedyr både i jerveprioriterte område og beiteprioriterte område. Forvaltningsmessig er dette ein svært uheldig situasjon, både for beitebrukarane og forvaltningsmyndigheitene.

Beiteområda på austsida i Fronskommunane blir delt i to. Soneringa samsvarar ikkje med utfordringane ved praktisk forvaltning, og soneringa gir eit kunstig skile mellom jerveprioriterte og beiteprioriterte område. Jerven sitt leveområde omfattar naturleg nok areal både innanfor og utanfor jervsona, og dette medfører at ein i praksis ikkje får ei tilstrekkeleg effektiv soneforvaltning.

Lisensfelling er myndigheitene sin hovudstrategi for uttak av jerv, men lisensfellinga er per dags dato ikkje effektiv nok til at ein regulerer bestanden av jerv i tilstrekkeleg grad. I våre område skuldast dette i hovudsak at jerven oppheld seg langt inne i fjellet, og kor det er liten sjanse for jegerane til å organisere/utøve effektiv jakt. Ein har vidare sett at jerven som regel ikkje kjem lenger fram mot dei områda kor ein både har jervbåsar og åtebuer, før etter at lisensfellingsperioden er slutt.

Skadefelling på barmark lukkast sjeldan. Dette skuldast på same vis som ved lisensfelling at jerven i all hovudsak oppheld seg i område langt inne i fjellet, kor det tek fleire timar å ta seg fram til fots, og slik sett er liten sjanse for jegerane til å organisere/utøve effektiv jakt.

Skadefellingsmannskapa har utover dette få effektive verkemiddel, jf. til dømes bruk av eigna hund.

Ekstraordinære uttak av enkeltdyr har vore gjort i området i regi av Miljødirektoratet /SNO ved bruk av helikopter. Ein ser likevel at Miljødirektoratet ved denne type uttak ikkje gir SNO løyve til å gjere uttak innafor jervsona, og eventuelle uttak må skje utanfor jervsona. Ein ser og at restkvota av lisensfellingskvota år etter år ikkje blir prioritert teke ut i tilstrekkeleg grad. Hiuttak i regi av Miljødirektoratet/SNO har og vist seg vanskeleg å få prioritert i tilstrekkeleg grad i våre område.

Når det gjeld forvaltningsplanen for verneområda i Rondane nasjonalpark og Frydalen landskapsvernområde peikar denne på at det er ei hovudutfordring å oppretthalde beitebruken på eit tilstrekkeleg nivå for at verneverdiane skal oppretthaldast. Samla tal for Fronskommunane jf. organisert beitebruk syner at det blir sleppt 10-11.000 sau/lam på austsida. Det vil utvilsamt bli ei utfordring i framtida å nå måla i forvaltningsplanen i forhold til beitebruk dersom ein ikkje får på plass ei meir effektiv forvaltning av jervebestanden i området.

Nord-Fron kommune tilrår med bakgrunn i nemnte moment at Roviltnemnda syter for at soneringa for jerv blir endra, slik at heile austsida i Fronskommunane, tilsvarande som for Ringebu, blir beiteprioritert område. Ei meir effektiv forvaltning av jerven i dette området vil og ha positiv betydning for tilgrensande beitebrukarar frå Ringebu og Sel.

#### Kommentarar til korleis soneringa i noverande plan har fungert når det gjeld gaupe

Ein meiner det bør vere eit klårare skile mellom områda som er innafor og utanfor gaupesona når det gjeld kvote/uttak. Til dømes har det dei siste åra vore mykje gaupe i Midt-Gudbrandsdalen, som ligg utanfor gaupesona, men det har vore vanskeleg å få teke ut tilstrekkeleg med dyr jf. kvote. Dersom soneringa skal fungere etter intensjonen er det viktig at det er ein reell skilnad i forvaltninga innafor og utanfor sona, og at det er blir lagt til grunn ein låg terskel for uttak innafor sona.

#### Kommentarar til kongeørn

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om omfanget av tap av beitedyr til kongeørn. Gjennom prosjekt Fron Vest (overvakingsprosjekt ved bruk av radiobjøller) greidde ein likevel å dokumentere fire lam teke av kongeørn i 2018. Det er svært vanskeleg å få løyve til skadefelling på kongeørn, jf. krav til tal dokumenterte skader. For å kunne regulere bestanden av kongeørn i nokon grad, meiner ein det bør kunne vere lisensfelling på arten i ein gitt periode av året utanom hekkeperioden, tilsvarande som for jerv, bjørn og ulv.

#### Andre kommentarar

Ein viser til brev frå Fylkesmannen i Innlandet datert 12.4.2019, kor det blir opplyst om at det blir endringar på varslingsrutinane mellom Fylkesmannen og kommunar/beitelag. Ein vil i den samanheng peike på at Oppland til no har hatt varslingsrutinar som har fungert svært bra. Dette er ei etablert ordning for Oppland som er svært viktig for beredskap og dyrevelferd, og som er sterkt ønska vidareført frå beitenæringa og kommunane.

Med helsing

Geir Johan Groven  
avdelingsleiar landbrukskontoret

Telefon: 61216199  
Epost: geir.johan.groven@nord-fron.kommune.no

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

Kopi til:

Arne Sandbu  
Egil Tofte

administrasjonssjef  
virksomheitsleiar areal og  
næring  
jordbrukssjef

Areal og næring

Eldri Siem  
Roviltnemnda i region 3 v/ Aud Hove  
Roviltnemnda i region 3 v/ Ivar Vistekleiven  
Roviltnemnda i region 3 v/ Kari-Anne Jønnes  
Roviltnemnda i region 3 v/ Mariann Isumhaugen  
Roviltnemnda i region 3 v/ Trygve Brandrud

Rune Støstad

ordfører

Sel kommune v/ Jan Teigen

Sør-Fron kommune v/ Anna Bilstad

Sør-Fron kommune v/ Hilde Heide Baukhol

Sør-Fron kommune v/ John-Ludvik Dalseg

Tom Nøvik

kommunalsjef